



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 00  
Faks 53 66 95 10  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org.nr 944 439 927  
Bank 3450.07.08206  
Sakshandsamar:  
E-post [jon.larsgard@jondal.kommune.no](mailto:jon.larsgard@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 02

**Dykkar ref.**  
2017/4336

**Vår ref.**  
11/318-16 /JOL/17/4129

**Arkiv:**  
N - 561

**Dato**  
20.10.2017

## Høyringsinnspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018–2029

Viser til høyringsbrev av 16.08.2017.

Jondal kommune ønskjer å koma med følgjande høyringsuttale til Investveringsprogrammet for fylkesvegnettet til RTP 2018–2029:

### 1. Fv. 107 Austrepollen – Nordrepollen, Kvinnherad kommune

I omtala av dette prosjektet s.42 står det at: «*Ein eventuell bompengesøknad ligg derfor nokre år fram i tid*». Her bør det presiserast at Jondalstunnelen vil vera nedbetalt i 2020 og at bompengesøknaden må avklarast før dette. Ein ser det som uhelding å ta ned bompengestasjonen for så å starta opp att kort tid etter med ny innkrevjing for nytt eit prosjekt. Ein alternativ ordlyd kan vera: «*Ein eventuell bompengesøknad ligg litt fram i tid, og bør vera avklara før Jondalstunnelen er nedbetalt i 2020*».

Dette er eit viktig tiltak for Jondal kommune, sjolv om det er lokalisert i Kvinnherad kommune, både som del av det overordna vegnettet, og ikkje minst som internsamband i ny kommune.

### 2. Gang- og sykkelveg langs Fv107 Sætveithagen – Jondal.

Programkastet opnar for ei utfyllande liste over tiltak innanfor området gang- og sykkelveg. Vi ønskjer å peika på strekinga Sætveithagen – Jondal med stor og aukande trafikk til og frå ferja, samstundes som den er skuleveg for viktige sentrumsnære bustadområde. Vidare utvikling av desse bustadområda føreset at gang- og sykkelveg kjem på plass. Det kan vera aktuelt med eit spleiselag rundt prosjektet.

### 3. FV 550 Jondal – Utne

Vedlikehaldsetterslepet er sort, og det er trong for punktutbetring fleire stader. Vegen vil få auka betydning som internsamband i den nye Ullensvang kommune. Den må få ein standard

som gjer den tenleg for alle som bur langs vegen. Det har vore fleire utgreiingar om tilstand og trong for oppgradering, der mykje arbeid står att. Strekningen er ikkje omtala i investeringsprogramet.

Med helsing

Jon Larsgard  
ordførar